

GISKE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi: Ordfører, rådmann, kommunerevisjon

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Tysdag 03.09.2019 kl. 13.00 på Giske rådhus

SAKLISTE:

- Sak 16/19 Godkjenning av møtebok frå møte 14.05.2019
- Sak 17/19 Vurdering av revisors uavhengigheit.
- Sak 18/19 Rapport etter rekneskapsrevisjon 2018 – Giske kommune.
- Sak 19/19 Status omkring forvaltningsrevisjon av investeringsbudsjett og innkjøpsrutinar.
- Sak 20/19 Førespurnad til Giske kontrollutval frå Lidvar Giskeødegård.

Eventuelt

Gunnar Morsund
leiar
(sign.)

Sak 16/19 Godkjenning av møtebok frå møte 14.05.2019

KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 14.05.2019 kl.13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Gunnar Morsund.

Elles til stades: Dag Oksnes, Arnfinn Rune Giske, Anne Lise Hessen Følsvik og Karin

Kalvø Giske.

= 5 voterande

Frå administrasjonen møtte kommunalsjef Lene Bjørlo Overå, teknisk sjef Eli Reidun Brunstad Høydal og Thea Sofie Hoff Vegsund frå bygg/oppmåling. Høydal og Vegsund møtte under sak 15/19.

Ordførar Harry Valderhaug deltok i delar av møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes og revisor Svein Ove Otterlei.

Det var ingen merknader til innkallinga. På sakslista blei det samrøystes vedteke å behandle sak 15/19 fyrst.

Sak 10/19 Godkjenning av møtebok frå møte 19.03.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå 19. mars 2019 vart godkjent.

Sak 11/19 Årsmelding 2018 Giske kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Giske kommune til orientering.

Sak 12/19 Årsrekneskap 2018 Giske kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. mai 2019

Sekretariatets tilråding til uttale:

Giske kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

Leiar Gunnar Morsund fremma på vegne av utvalet eit nytt punkt 2 og nytt punkt 3:

Nytt punkt 2:

Kontrollutvalet vil gjere merksam på at det er brukt 31,8 millioner meir enn budsjettert på drifta. Dette er eit avvik på 7,2 prosent. Inntekter på skatt og rammetilskot, eigedomskatt og i tillegg ei overføring frå Havbruksfondet gav meir enn budsjettert. I tillegg vart netto finanskostnader lavare enn i budsjettet.

Nytt punkt 3:

Kontrollutvalet vil be kommunestyret om å vurdere budsjettprosessen og oppfølginga for å sikre eit meir realistisk budsjett i framtida.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:

1. Giske kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet vil gjere merksam på at det er brukt 31,8 millioner meir enn budsjettert på drifta. Dette er eit avvik på 7,2 prosent. Inntekter på skatt og rammetilskot, eigedomskatt og i tillegg ei overføring frå Havbruksfondet gav meir enn budsjettert. I tillegg vart netto finanskostnader lavare enn i budsjettet.
3. Kontrollutvalet vil be kommunestyret om å vurdere budsjettprosessen og oppfølginga for å sikre eit meir realistisk budsjett i framtida.

Sak 13/19 Årsmelding 2018 Giske kontrollutval.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 7. mai 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Giske kontrollutval.

Sak 14/19 Oppfølging av sak 6/19, prosjektplan for forvaltningsrevisjon.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av investeringsprosjekt og innkjøpsrutiner i Giske kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

Sak 15/19 Praktisering av forvaltningslova § 11, d) krav om journalføring i Giske kommune – sak utsett frå forrige møte.

Saka vart lagt fram uten tilråding til vedtak frå sekretariatet.

Kommunalsjef Lene Bjørlo Overå ga ei orientering og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet kring temaet. Teknisk sjef Ellen Reidun Brunstad Høydal og Thea Sofie Hoff Vegsund frå Bygg og oppmåling orienterte om interne reglar og rutiner for sakshandsaming.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Møtet var slutt kl. 15.45

Gunnar Morsund
Leiar
(sign.)

Dag Oksnes
Nestleiar
(sign.)

Arnfinn Rune Giske
Medlem
(sign.)

Karin Kalvø Giske
Medlem
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
Medlem
(sign.)

Sak 17/19 Vurdering av revisors uavhengigheit.

Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3 IKS datert 17. juni 2019

Bakgrunn:

Oppdragsansvarleg revisor og revisor sine medarbeidarar på oppdraget skal vere uavhengige. Dei kan ikkje ha ei tilknytning til kommunen som går ut over ei uavhengig eller objektiv gjennomføring av revisjonen. Dette inneber mellom anna at dei ikkje kan:

- Ha andre stillingar, eller vere medlem av styrande organ, hjå kommunen eller verksemd som kommunen har økonomiske interesser i.
- Delta i eller ha funksjoner i anna verksemd dersom dette er i konflikt med rolla som revisor for kommunen.

I vurderinga av om revisor er uavhengig, er det også relevant om revisor sine nærstående eller revisor sine medarbeidarar har tilknytning til kommunen.

Det er vidare lagt avgrensingar på kva andre tenester revisor kan levere til kommunen. Dette gjeld:

- Rådgjevingstenester dersom desse er eiga til å reise tvil om revisor er uavhengig.
- Tenester som har med leiing og kontroll i kommunen å gjere.
- Å opptre som fullmektig for kommunen.

Dei som utfører revisjon for kommunen skal sjølve vurdere fortløpande om dei er uavhengige. Oppdragsansvarleg revisor skal årleg levere ei skriftleg eigenvurdering av sitt sjølvstende (uavhengigvurdering) til kontrollutvalet. Denne ligg som vedlegg.

Oppdragsansvarleg revisor kan vurdere å endre fordelinga av oppgåvene til dei enkelte medarbeidarane over tid, slik at ein enkelt revisor ikkje blir sitjande med dei same oppgåvene over ein for lang periode.

Innstilling til vedtak:

Kontrollutvalet i Giske kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Til kontrollutvalget

i Giske kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:


5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Giske kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Giske kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrollopgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Giske kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrollopgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Giske kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Ålesund, 17. juni 2019


Knut Gunnar Alnes

Oppdragsansvarlig revisor Giske kommune

Sak 18/19 Rapport etter rekneskapsrevisjon 2018 – Giske kommune.

Vedlegg: Rapport rekneskapsrevisjon 2018 – Giske kommune, datert 21. august 2019.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i Revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapan, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

For ei fagleg vurdering vises det til vedlagte rapport. Kontrollutvalet sitt ansvar omfattar ikkje ei fagleg vurdering av korleis revisjonen blir utført, då revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for dette.

Innstilling til vedtak:

Giske kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS

Mottakarar:
Giske kontrollutval

Rådmannen i Giske kommune

Vår saksbehandlar:

Vår dato:
21.08.2019
Deres dato:

Vår referanse:
Deres referanse:

Rekneskapsrevisjon 2018 – Giske kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapsåret 2018 for Giske kommune.

Vår oppgåve er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapsen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapsen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapsen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2018. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

Innkjøp – attestasjon, tilvising, delegering

Revisjonen har kartlagt og testa rutinane vedkomande attestasjon/tilvising.

Alle fakturaer blir scanna, og godkjenning av fakturaene skjer elektronisk på fakturaflyt i modulen Fakturabehandling i Visma. Attestasjon og tilvising skjer direkte i systemet. Det må vere to personer som har attestert og tilvist bilaget.

Attestasjon og tilvising blir gjort på grunnlag av delegert fullmakt. Liste over attestasjon/tilvising blir gjennomgått jamleg. Attestasjon og tilvising blir utført gjennom Visma Enterprise på innskanna faktura. Fakturaene går ikkje vidare til remittering før dei er attestert og tilvist.

Kontrollen er godt eigna med omsyn til at det kun skal vere godkjente bilag som blir førte i rekneskapen og betalte.

Attestasjon og tilvising blir gjort på dei ulike einingane. I tillegg til kontroll utført av den som har attestasjons- / anvisningsmynde, vil og rekneskapsfører utføre kontroll av inngående fakturaer før dei blir overført til rekneskapen. Rutinane på området blir vurdert som gode.

Overføringsområdet – sosiale utbetalingar inkl. flyktningar

NAV Giske har skrivne rutinar for korleis sosiale utbetalingar skal behandlast. Rutinane går mykje på korleis saksbehandlinga skal gjennomførast. Vi har testa at det skal være lovhenvisning i vedtaket, og at det skal vere to personer med mynde som har signert. Vi har og undersøkt om den som tilviser til utbetaling har fått delegert mynde.

Alle positive vedtak som vi har testa hadde lovhenvisning og det var to personer som hadde signert elektronisk.

Vi fekk framlagt sakene som var plukka ut til kontroll. Desse er arkivert i eige arkiv for Giske kommune.

Vedtaka vart kontrollert mot utbetaling i rekneskapen. Alle vedtak var godkjent av leiar/»stedfortreder» for leiar og den rettleiar som hadde saka. Det var vist til lovparagraf på alle vedtak.

Det ser ut som om rutinane ved NAV Giske er godt innarbeidd og vår konklusjon er at rutinane vedkomande saksbehandling og utbetaling av sosial stønad er tilfredsstillande.

Rutinar for fakturering – heimetenester og matsal, husleigeinntekter

Heimetenester

Det blir og levert praktisk bistand som heimehjelp/reinhold, heimesjukepleie og tryggleiksalarm. Kommunen tilbyr og middagslevering til heimebuande eldre eller andre personer som av ulike grunnar har behov for denne tenesta. Det blir levert middag 2 gongar pr. veke.

Kvar månad blir det produsert ei fakturagrunnlagfil frå forsystema. Konsulent for fakturering tar inn filer frå heimeteneste og vederlag sjukeheim til Visma fakturering, oppdaterer og overfører til økonomisystem. Ansvarleg for fakturering sender ut dei fakturaene som skal skrivast på papir. Dette blir distribuert i forhold til kva kunden har valt, eFaktura, avtalegiro eller faktura tilsendt i posten.

Husleigeinntekter

Giske kommune har eige bustadkontor. Alle kan søke om kommunal bustad. Bustadane er gjennomgangsbustader og vert tildelt etter søknad av tildelingsnemnda.

Etter vedtak blir det skrive kontraktar, og etter underskrift frå leigetakar vert dette lagt inn som grunnlag for fakturering i Komtek. Det er elles kjøpt inn eit nytt system Famak, som er eit forvaltning, drift og vedlikehaldssystem. Planen er å nytte dette til å legge inn husleige kontraktar og leigetakarar, men fakturering skal som før gjerast manuelt. I systemet skal alle dei kommunale bygga bli lagt inn. Husleige blir fakturert kvar månad etter faste satsar vedtekne av kommunestyret.

Rutinar for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling

Bakgrunnen her er ein førespurnad frå revisjonen der vi bad om å få sendt over dei skriftlege rutinar kommunen har innafor desse områda.

Pasientmidlar

Her har vi motteke eit nokså omfattande informasjonsskriv til dei som har fått opphald i bukollektiv eller institusjon. Her er det berre eit lite avsnitt som omhandlar verdisaker, og her blir det presisert at ein ikkje er ansvarleg dersom pengar eller verdisaker forsvinn, og ein har heller ikkje forsikringsordning som dekkjer dette.

I tillegg til dette informasjonsskrivet er det motteke to mindre notat der det eine beskriv rutinar for oppbevaring av kontantar i heildøgnsbemanna bukollektiv, og det andre notatet beskriv rutinar for oppbevaring av kontantar i bufellesskap for menneske med funksjonshemming og psykiatri/rus. Det blir generelt oppmoda om at ein i minst mogleg grad oppbevarer kontantar, men der dette er tilfelle går det fram rutinar på dette. Pårørande/verge blir og involvert.

Byggesaksbehandling

Her har vi ikkje motteke skriftlege rutinar, og vi legg til grunn at det ikkje ligg føre skriftlege rutinar på dette området.

Her må det likevel nemnast at avdelinga er i ferd med å utarbeide nye rutinar på området der det i større grad er snakk om å digitalisere prosessane. Det er utarbeidd eit flytkart som viser gangen i byggesaksbehandlinga. Dette er presentert for kontrollutvalet. Byggesakskontoret har og laga eit saksframlegg som gjeld praktiseringa av gebyrregulativet.

Økonomi generelt

Kommunen vart innmeldt i ROBEK i 2016, og planen var at siste rest av underskotet skulle inndekkast i 2019. I 2018 vart likevel berre ein liten del av det budsjetterte beløpet inndekt, og ein fekk godkjent ein ny forpliktande plan der resten skal inndekkast i 2019 og 2020.

For 2018 viser dei fleste rammeområda eit meirforbruk, og det er ikkje gjort tilstrekkeleg budsjettjusteringar i løpet av året for å dekke dette. I årsmeldinga er det likevel i dei fleste tilfella gitt utfyllande forklaring på meirforbruket.

Det blir gjerne anbefalt at netto driftsresultat bør vere 1,75% av brutto driftsinntekter. Ein har nådd dette resultatet i tre av dei siste åtte åra, som også var dei tre åra finansplasseringane gav svært god avkastning. Elles har netto driftsresultat vore negativt, bortsett frå 2016 der det viste ca. 0,9%.

Kommunen har og høg gjeldsgrad (nto. lånegjeld i % av bto.inntekt) på ca 145%. 70-100% blir gjerne nemnt som middels. Kommunen er dermed utsett i tilfelle ei renteauke.

Med helsing



Knut G. Alnes
oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor



Mari Ann Yndestad
revisjonsmedarbeidar

Sak 19/19 Status omkring forvaltningsrevisjon av investeringsbudsjett og innkjøpsrutinar.

Bakgrunn:

Sak 14/19 Oppfølging av sak 6/19, prosjektplan for forvaltningsrevisjon.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av investeringsprosjekt og innkjøpsrutiner i Giske kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

Halde seg orientert undervegs

Etter at prosjektet er bestilt og fram til levering av ferdig rapport, er det viktig at kontrollutvalet held seg informert om status for prosjektet. Standard for forvaltningsrevisjon stiller ikkje nokon konkrete krav til form og innhald i ei slik rapportering, utover at det bør vere ein god kommunikasjon mellom revisor og bestillar. Kor ofte og korleis det skal rapporterast undervegs i prosjektperioden, kan avtalast mellom revisor og kontrollutval, med utgangspunkt i kva kontrollutvalet treng og ynskjer.

Faktorar som kan vere viktige i denne samanhengen er kva omfang og utstrekning i tid prosjektet har. Andre viktige forhold kan vere kor ofte kontrollutvalet held møte, og dessutan utvalet si erfaring med forvaltningsrevisjon og/eller erfaring knytt til å samarbeide med den revisjonseininga som gjennomfører undersøkinga.

For prosjekt som går over lenger tid, kan det vere naturleg at revisjonen rapporterer status for prosjektet i kontrollutvalet sine møte undervegs i prosjektperioden. Rapporteringar kan medverke til at partane får avklara om undersøkinga blir utført i samsvar med kontrollutvalet sine intensjonar, og om framdrifta i prosjektet er tilfredsstillande.

Kontrollutvalet forventar å få ei oppdatering i sitt møte tysdag 03. september 2019. Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Sak 20/19 Førespurnad til Giske kontrollutval frå Lidvar Giskeødegård.

Bakgrunn: epost til sekretariatet datert 02. august 2019.

Til Kontrollutvalget i Giske kommune med kopi til Rådmann og Ordfører.

Jeg vil be kontrollutvalget å se på om Giske kommune har rutiner når det gjelder kontrakter med kommunen.

I tilfelle slike rutiner finnes, hvorfor er de trolig ikke fulgt.

Saken gjelder kontrakter angående «ny skoleveg» på øya Giske.

Jeg etterlyser fortsatt kontraktene som ble levert i brev til Giske kommune i 2 eksemplar 04.02.2019.

Dette gjelder også andre jeg har hatt kontakt med som ikke har fått tilbake sine signerte kontrakter.

Jeg finner ikke disse dokumentene i postlistene for Giske kommune i uken før og uken etter på nettet.

(De skal ligge registrert der, selv om de kanskje er unntatt for offentlig.)

Kan dere sjekke rutinene for postlisteføringen også og se om disse er fulgt?

Siden den nye veien nå er påbegynt, må disse være komt til Giske kommune.

*Lidvar Giskeødegård
Innvika 21
6260 Skodje*

På bakgrunn av den informasjonen som er komet fram og som no er forventa å verte nærare klargjort i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS